

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget  
Pb 4672 Sofienberg  
0506 OSLO

Oslo, 15. oktober 2010

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet  
Postboks 8004 Dep  
0030 OSLO

### **Høyring – bokavtalen – forskrift til konkurranselova**

Vi viser til høyringsbrev frå FAD 30. august i år, og vil med dette leggja fram Litteraturselskapet Det Norske Samlaget sine vurderingar av høyringssaka.

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget er ein kulturpolitisk interesseorganisasjon som skal leggje tilhøva til rette for nynorsk bokutgiving. Bokavtalen er eit viktig verkemiddel i norsk litteratur- og språkpolitikk generelt, og kanskje særleg for nynorsk skriftkultur. Språkmeldinga slår fast at det er trong for særlege tiltak for å oppretthalda norsk språk, og særleg nynorsk.

Vi er glade for at regjeringa vil vidareføra unntaka frå konkurransereglane slik at fastprissystemet og abonnementsordningar i bokavtalen kan vidareførast for ei ny periode for skjønn- og generell litteratur. Men vi er både overraska og uroa over at utkastet ikkje også vidarefører noverande ordninga med fastpris for fagbøker og bøker for høgare utdanning (bokgruppe 2), og det utan noko konkret grunngeving for endringa.

### **Litteraturselskapet vil på denne bakgrunn be om at**

- **regjeringa ut frå språkpolitiske omsyn opprettheld fastprissystemet også for fagbøker**
- **det i tida fram til utgangen av neste fireårsperiode blir gjort ei grundig evaluering av dei språk- og litteraturpolitiske omsyna som bokavtalen skal ivareta, for slik å sikre eit breiare grunnlag for vurderingane som kjem i 2014.**

### **Bokavtalen generelt**

Regjeringa har i budsjettforslaget for Kulturdepartementet 2011 presisert at det er *”viktig med en offensiv språkpolitikk”* og vidare at *”For å sikre nyskaping, mangfold og geografisk spredning innenfor både fag- og skjønnlitteratur er det nødvendig med en målrettet utvikling av litteraturpolitikken.”* Desse formuleringane forpliktar også.

I stortingsmeldinga *Mål og mening* (lagt fram av regjeringa Stoltenberg) heiter det at *”Hovudperspektivet i denne meldinga inneber at det er arbeidet med å utvikla og halda levande eit fullverdig vitskapleg fagspråk på norsk som peiker seg ut som ei språkpolitisk hovudutfordring i åra framover. I dette perspektivet er forskning og høgare utdanning den strategisk viktigaste samfunnssektoren.”*

Vidare skriv regjeringa at ”Fastprisordninga synest å fungera som eit stabiliserande element i ein sårbar bokmarknad. Dette er bakgrunnen for at regjeringa vil halda fast ved det etablerte fastprissamarbeidet for produksjon av fag- og lærebøker.”

Bokavtalen er etter vår vurdering er eitt av fleire gode verkemiddel for å sikra eit best mogleg tilbod (i breidde og kvalitet) av norskspråklege bøker. Dette gjeld både fastprissystemet og abonnementsordningane. Litteraturabonnementa gjer at eit breitt utval skjønnlitteratur for born og vaksne når ut til nesten 500 bokhandlarar i heile landet. Dette er eit svært viktig tiltak, ikkje minst for å spreia nynorsk litteratur.

Vi er på denne bakgrunn svært uroa over at språkpolitiske argument er ikkje nemnde i det heile i høyringsbrevet, verken når det gjeld fagbøker eller i avsnittet som varslar at dispensasjonen for bokavtalen kan falla bort etter 2014. I perioden fram til 2014 vil det vera svært viktig at dei språkpolitiske verknadane av bokavtalen vert kartlagt og evaluert, og også korleis bokavtalen er med på å fremja dei språkpolitiske måla til regjeringa. Det er vidare viktig å også sjå om det finst andre verkemiddel for å oppnå dei same måla, då slike verkemiddel må vera må på plass før bokavtalen kan avviklast.

### **Fastpris for fag- universitets- og høgskulebøker**

Høyringsutkastet vidarefører ikkje den noverande ordninga med fastpris for fagbøker og bøker for høgare utdanning (bokgruppe 2). Litteraturselskapet meiner det er sterke språkpolitiske argument for å oppretthalda fastpris også for fag-, universitets- og høgskulebøker. Fastpris er i dag avgjerande for å sikre tilgang på norskspråklege bøker og med dette halda oppe norsk fagspråk. Dette gjeld norsk generelt, og enno sterkare for nynorsk.

Systemet med faste prisar på fag- og lærebøker blei også foreslått avvikla i 2004, men fekk då halde fram fordi ein på dette tidspunkt ikkje hadde tilstrekkeleg kunnskap om i kva grad og på kva måte fastprissystemet var eit tenleg verkemiddel for å stimulere til auka produksjon av norske fag- og lærebøker til høgare utdanning, dessutan i kva grad det fanst alternative verkemiddel.

I etterkant av dette vart fleire alternativ til fastprissystem drøfta, m.a. direkte tilskot til produksjon av læremiddel, innføring av ei innkjøpsordning for slike bøker, utviding av ordninga med bibliotekvederlag og eventuelt stipend og garantiinntekter, dessutan gjennom lovverk og finansieringssystem gje universitet og høgskular generelle insentiv til å arbeide for å styrke norsk fagspråk. Bibliotekvederlag til fagskribentar og omsetjarar av fagbøker, kunstnarstipend og garantiinntekter blei raskt avskrive som lite målretta verkemiddel i denne samanhengen. Ei innkjøpsordning for bokgruppa vart sett på som urealistisk.

Ei ordning for direkte tilskot til utgivingar av lærebøker for høgare utdanning har eksistert sidan 1986. I 2003 var rammeløyvinga på kr. 7,3 mill, men er no sterkt redusert. I statsbudsjettet for 2011 gjer regjeringa framlegg på kr. 4,7 mill. Grunna denne nedgangen er det i dag berre innføringsbøker for bachelornivå som vert vurderte. Bøker for meir avansert bachelorundervisning, bøker for masternivå og læremiddel for etter- og vidareutdanning – og ikkje minst digitale læremiddelprosjekt, får *ikkje* støtte.

På dei åra som har gått sidan gruppe 2 fekk halde fram med fastprisordning, har ein ikkje fått på plass alternativ som kan vege opp for fråfallet av fastprisordning. Vi er svært lite glad for at forslaget om avvikling av fastpris for denne gruppa ikkje ei gong blir grunngitt. Eit kjent argument har vore omsynet til rimelegast mogleg bøker for studentane. Vi har merka oss at studentorganisasjonane no

går i mot denne endringa, m.a. fordi dei er bekymra for at lærebøker blir dyrare på små studiestader (små bokhandlarar) og i dei små faga. Engelske bøker i store opplag kan koma til å overta større del av marknaden også i Noreg.

Litteraturselskapet er særleg redde for tilgangen til nynorske fagbøker. Som Språkmeldinga uttrykker det: *"Fordi nynorsk har vanskelegare rammevilkår enn bokmål, er det særleg viktig å sikre ei god utvikling også for nynorsk."* Fagbøker er avgjerande for å halda fast på og vidareutvikle nynorsk fagspråk på mange område. Dette vil for det meste tilseie bøker i små opplag som vanskeleg kan konkurrere på pris. Fripris vil favorisere store opplag. Etter vårt syn har fastprisordninga vore viktig for å sikre breidde i utgivingane, sikre like vilkår og sikre lik pris over heile landet.

I høyringsbrevet heiter det at *"De litteraturpolitiske gevinstene ved gjennomføringa av konkurransebegrensende avtaler i bokmarkedet er usikre. Men bredden og kvaliteten i den norske bokproduksjonen er imidlertid en indikasjon på at bransjen produserer fleire 'smale' titler enn den ville gjort utan tilgang til å avtale at forlagene skal sette bindende videresalgspriser"*. Det synest noko underleg at dette berre gjeld for skjønnlitteratur og sakprosa, og ikkje for fagbøker.

På bakgrunn av språkmeldinga, og i lys av dei endringane som har vore i høgare utdanning med Kvalitetsreformen, nedskjeringa av løyvingane til Lærebokutvalet og innføringa av 'teljekant-systemet', finn vi det særleg uheldig at gruppe 2 ikkje lenger skal ha fastpris, og at ein no foreslår å fjerne eit av dei verkemidla som er med å sikre ei stadig fornying av norsk terminologi gjennom utgiving av faglitteratur over eit breitt spekter. Vi fryktar for framtida til norsk produksjon av lærebøker til høgare utdanning.

Som ein av styresmaktenes fremste samarbeidspartnar for å ta vare på og vidareutvikle det norske språket, vil Litteraturselskapet Det Norske Samlaget minne regjeringa om kor viktig det er å oppretthalde og utvikle eit norsk akademisk fagspråk. Vi meiner det er svært viktig at ein stor del av norsk lærebokproduksjon til høgare utdanning også skjer på nynorsk.

Helsing

Litteraturselskapet Det Norske Samlaget

Kari Bjørke (s)

leiar

Kopi:

- Kulturdepartementet
- Kunnskapsdepartementet
- Språkrådet